

## Samandrag av dei innkomne innspela til kommunedelplan naturmangfald:

Innspel:	Kommentar:
<p><b><u>Statsforvaltaren i Vestland – 26. mai 2021</u></b></p> <p>A: Målet med planen er å få ei samla og heilskapleg oversikt over viktige naturområde, naturtypar og artar som ein finn i kommunen.</p> <p>B: Kommunedelplanen skal skildra status, og gjennom mål, strategiar og handlingsdel leggja føringar for korleis kommunen i det vidare arealforvaltingsarbeidet skal vurdere naturmangfaldsinteressene i dei enkelte områda.</p> <p>C: Verdiane som naturmangfaldet representerer i nasjonal, regional og lokal samanheng bør synleggjerast og vektast i planarbeidet.</p> <p>D: Det kan vere nyttig å vise til kva rammer planen skal helde seg innafor, slik som til dømes aktuelle lover og regelverk, statlege planretningslinjer og regionale planar.</p> <p>E: Det er ikkje naudsynt for kommunen å ha ei referansegruppe, men vi ber kommunen vurdere om ei lita referansegruppe sett saman av til dømes Statsforvaltaren, fylkeskommunen og eventuelt ein eller to andre særleg sentrale institusjonar eller organisasjonar, kunne vore aktuelt. Fordelen med ei referansegruppe er at ein sikrar at alle får den same informasjonen undervegs, og at ein har ei fast gruppe med nokre faste møtepunkt.</p> <p>F: Dei rår sterkt til å leggje opp til brei medverknad i planarbeidet for å sikre lokal deltaking, og at lokal kunnskap kjem fram. Arbeidsmøte der ein inviterer til dømes fjellstyre, grunneigarlag, lokalt turlag, jeger- og fiskarlag og andre relevante foreiningar, Villreinutvalet, Villreinnemnda, forskingsinstitusjonar, landbruksorganisasjonar mv., samt eit allmøte når planen leggast ut til offentleg ettersyn, vil kunne gje økt engasjement, meir medverknad, eigarskap og auka legitimitet for planen i lokalsamfunnet.</p> <p>G: Det er viktig å få fram dei lokale verdiane som også betyr noko for innbyggjarane i eit slik planarbeid. Det er opp til kommunen å definere omfang og innhald innanfor omgrepet «lokal verdi».</p> <p>H: Utarbeiding av gode kart vil verte ein viktig del av arbeidet med kommunedelplanen. Her skal nasjonale, regionale og lokale naturmangfaldsverdiar synleggjerast. Ikkje minst vil det vere viktig å vise samanhengane og forbindingane mellom desse områda, og ha ein landskapsøkologisk tilnærming i planarbeidet. Ein slik grøn infrastruktur er difor grunnleggjande å få kartfesta saman med dei einsskilte registreringane som allereie finst i kommunen.</p> <p>I: I planprogrammet Del 5, punkt 1 c står det om «viktige raudlistearter». Det er litt uklårt kva dette betyr, då det kan tolkast på fleire måtar. Vi føreslår å bruke omgrepet «viktige førekomstar av raudlista artar». Det kan brukast både om førekomstar av dei høgaste raudlistekategoriene (den tradisjonelle definisjonen av desse er dei såkalla «trua artane», dvs. VU (sårbar), EN (sterkt truga) og CR (kritisk truga), men det er viktig å merke seg at også førekomstar i den lågare kategorien NT (nær truga) kan vere svært viktige. Har t.d. eit område fleire funn av artar i kategori NT, kan det tyde på spesielle naturkvalitetar. Det er også eit viktig poeng at raudlistekategoriene er gitt med utgangspunkt i arten si utbreiing og tilstand nasjonalt. Ein art som er svært sjeldan og truga på Vestlandet kan derfor hamne i kategori NT dersom den er utbreidd og stabil på Austlandet.</p> <p>J: Når det gjeld tilgang til data om naturmangfald, vil Statsforvaltaren hjelpe til så godt vi kan med dette. Vi sit på eit datasett som ikkje er offentleg tilgjengeleg, som viser rovfuglreir og annan informasjon som blir rekna som sensitiv.</p>	<p>A: Det er forsøkt å få ein oversikt over heile kommunen, men kommunen er stor og treng meir kartlegging for å få betre oversikt.</p> <p>B: Dette er forsøkt gjort i den generelle delen og i handlingsdelen.</p> <p>C: Dette er forsøkt gjort gjennom tekst og kart. Det er lagt inn mange linkar til faktaark. Desse er føringar til revisjon av temakart H560 omsyn naturmiljø i arealdelen til kommuneplanen som no skal reviderast.</p> <p>D: Eit eige avsnitt i planen inneheld lenker til aktuelle lover og regelverk, statlege planretningslinjer og regionale planar.</p> <p>E: Det er i denne første naturmangfaldsplanen for Luster kommune vorte arbeida mest lokalt som eit samarbeid mellom einingane landbruks- og naturforvaltning og plan. Nasjonalparkforvaltarane har også vorte invitert til å delta i arbeidet.</p> <p>F: Det er viktig å få eit godt samarbeid med alle aktuelle parter. Det har vore invitert til eit ope møte med fokus på naturmangfald i nærområda. Skular og barnehagar har fått tilsendt ei enkel spørjeundersøking. Det har ikkje komme mange konkrete lokale innspel til planen, men me trur det er lettare å få til ein matnyttig diskusjon når me har meir konkret å diskutere, dvs. eit planutkast. Det vert planlagt eit ope møte i høyringsperioden.</p> <p>G: Planen har hovudfokus på dei lokale verdiane og på naturområde nær der folk bur.</p> <p>H: Utarbeiding av gode kart er svært viktig. Områda som er omtala i naturmangfaldsplanen skal innarbeidast i omsynssone H560 - omsyn naturmiljø i kommuneplanen. Me ser det som viktig at sakshandsamarane ikkje har unødvendig mange ulike kartlag å måtte forhalde seg til, og meiner at det er i arealdelen av kommuneplanen det er viktig å få kartfesta områda. Det vert forsøkt å ta inn viktig grønstruktur/grøne korridorar slik at dei fleste områda ikkje vert innestengt/ligg åleine, men vert ein del av ein større struktur.</p> <p>I: Ved utarbeiding av planen har me sett det som mest viktig å ta vare på område for naturmangfald og spesielt område der me veit har utbyggingspress. Arbeidet med å få betre kartlegging av raudlista artar i kommunen vil vera ei oppfølging av den planen og eit viktig innspel til neste rullering av planen.</p> <p>J: Sakshandsamarar på plan- og byggesak må ha tilgang til datasettet og rutinar for sjekk av nye tiltak i naturområde. Det skal som ei oppfølging av planen utarbeidast ei sjekklister for sakshandsamarar.</p>

<p>Vi har noko informasjon om dette i Luster kommune, og den bør inngå i grunnlaget for kommunedelplanen. Her må det i så fall på plass interne rutinar i kommunen som gjer at denne informasjonen ikkje blir spreidd.</p> <p>K: Statsforvaltaren meiner det er positivt at det vert lagt opp til at viktige område i/for Luster med stort naturmangfald skal visast som omsynssoner i kommunen sitt arealplankart. Dette vil gjere det enklare å ta omsyn til viktige verdiar i arealforvaltinga. Vi rår også til å vurdere arealføremålet til områda, og om det kan vere aktuelt å eventuelt endra dei til grøne føremål for å sikre verdiane meir langsiktig.</p> <p>L: Tilhøyrande føresegn til både omsynssone og arealføremål som gir føringar for ivaretaking av verdiane er også viktig.</p> <p>M: Eit tema, som vi har vore litt innpå over, er klima. Dette kan gjerne vere eit eige kapittel eller delkapittel i planen. Klimaendringar har stor verknad på naturmangfaldet, og ein reknar med konsekvensane vil auke i takt med til dømes auka temperatur. Fleire artar vil måtte trekke oppover i høgda for å kunne finne levestadar som er høvelege, og det er difor svært viktig at ein planlegg for økologiske korridorar og gradientar som tar høgde for dette. Klimatilpassing og bruk av naturbaserte løysingar som samstundes har verdi for naturmangfald vil også vere nyttig å sjå nærare på, saman med naturtypar som også er viktig i eit karbonlagingsperspektiv slik som myr, skog og beite.</p> <p>N: Eit kapittel om arealrekneskap for natur, og ei kopling av dette opp mot kommuneplanen vil også vere nyttig.</p>	<p>K: Områda omtalt i denne planen vert vidareført som H560 i kommuneplanen. Når det gjeld arealføremål under omsynssonene må dette avklarast under revisjon av kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>L: Dette vert ein del av rulleringa av H560 i kommuneplanen.</p> <p>M: Klima har ikkje fått eit eige kapittel i planen, men er innarbeida i planen. Spesielt gjeld dette vassvegane og områda rundt desse (flaum) og karbonlagring i myrområda.</p> <p>N: Arealrekneskap for natur er ikkje innarbeida i denen første utgåva av planen, men vert ein del av kommuneplanen sin arealdel.</p>
<p><b><u>Vestland fylkeskommune 28. mai 2021</u></b></p> <p>Vi tykkjer det er særst positivt at kommunen er i gang med dette arbeidet. Å styrke fokuset på naturmangfaldet ved å samle kunnskap om naturmangfaldet i kommunen og tilgjengeleggjering av kunnskapen slik at den vert nytta i vidare plansamanheng i kommunen er positivt.</p> <p>A: Vestland fylkeskommune vedtok i september 2020 Utviklingsplan for Vestland 2020- 2024. Utviklingsplanen inneheld mål og strategiar som er meint for heile vestlandssamfunnet, og som kommunen kan nytte seg av i det vidare arbeidet. Vi viser særleg til mål nummer 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga og tilhøyrande strategi 2.2; Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. Dette er særleg relevant for Luster sitt arbeid med kommunedelplan for naturmangfald.</p> <p>B: Planen vil fokusera på natur som er lokalt viktig, slik som områder nær skulen eller bustadfelt, områder som er trua av ulike orsakar og område som har «viktige raudlisteartar». Det kan vidare vere relevant å ta med funksjonsområder og samanhengar mellom viktige naturområde. Døme på slike område er kantsoner, bekkedrag, trekk for vilt og rasteområde for fugl.</p> <p>C: Rettleiaren til Miljødirektoratet trekk fram geologisk naturmangfald under samle eksisterande kunnskap. NGU har utvikla ei kartteneste om geologisk arv, som kan brukast som eit startpunkt for denne kunnskapsinnhentinga. For Luster kommune ligg det nokre lokalitetar inne der.</p> <p>D: Ein bør i planarbeidet vurdere utfordringane for naturmangfaldet som følgje av klimaendringane og løysingar for å bote på negative verknadar. I mange tilfelle er naturen nyttig for klimatilpassing. Eit døme er våtmarksområde som er levestad for mange trua artar, samtidig som desse områda har viktige eigenskapar innan flaumdemping. I planarbeidet bør ein fokusere på slike vinn- vinn løysingar, som er positive for naturmangfaldet og klimatilpassing.</p>	<p>A: Lenkje til denne planen er lagt inn i vår naturmangfaldsplan.</p> <p>B: Det er forsøkt å ta med slike viktige område i planen.</p> <p>C: Alle lokaliteter i Luster er lagt inn i planen. For nokre område på Hafslo må plassering lettare gå fram av kart.</p> <p>D: Større våtmarksområde er forsøkt lagt inn i planen både for naturmangfald og som klimatilpassing.</p>

<p>E: Medverknad. Planprogrammet legg opp til medverknad frå lag, organisasjonar, grunneigarforeiningar og fagpersonar. Desse gruppene er ein viktig ressurs for å hente inn lokalkunnskap om naturmangfaldet i kommunen og viktig å få involvert.</p> <p>F: I planprogrammet går det fram at undervegs i arbeidet skal det vurderast om planen bør ha ei referansegruppe. Fylkeskommunen kan bidra med faglege råd og vurderingar av naturmangfaldet.</p>	<p>E: Det er håp om større engasjement frå lag og organisasjonar når framlegg til plan vert lagt ut til offentleg ettersyn og det vert ope møte om planen.</p> <p>F: Det vart vurdert å ikkje ha ei referansegruppe ved utarbeiding av denne første kommunedelplanen for naturmangfald for Luster kommune.</p>
<p><b><u>Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane 30. mai 2021</u></b>  På vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Sognefjorden Vel  Det er positivt at man startet arbeidet med en plan for biologisk mangfold.</p> <p>A: Vi har sett mange eksempler på at man lager en plan med mye bra innhold der kommunestyret er enige i å ivareta naturen. Likevel går man bort fra planen eller gir dispensasjon, når konkrete tiltak planlegges i naturområder. Vi håper planen blir så bra planprogrammet legger opp til, men også at politikere og administrasjon følger planen når politikken skal konkretiseres.</p> <p>B: Mye av kommunen sitt areal er verneområder. Det er viktig at man ikke slår seg til ro med det. Mye av det vernede arealet er "vernet" fra naturens side på grunn av at det mest er is og stein som har liten verdi fra andre interesser. Utfordringen er å ivareta naturen i de områder der det er press. Det er også ofte de områdene som har flest truede arter på grunn av at det har vært press på den samme naturen i lang tid. Arealendringer er den viktigste grunnen til at arter er truet. Det er ikke framfor alt de store utbygningene som gjør at natur går tapt, men summen av de små inngrepene. Et inngrep kan se ubetydelig ut når man vedtar en arealplan, men summen over tid i alle Norges kommuner gir en stor effekt.</p> <p>C: I Norge er det kommunen som i hovedsak forvalter våre arealer. Kommunepolitikere har derfor et stort ansvar for at vi følger internasjonale konvensjoner og ikke utrydder arter. I planprogrammet nevner man at folk skal informeres om det biologiske mangfoldet. Det er viktig at politikere blir mer bevisst om biologisk mangfold og hva man må gjøre for at det skal opprettholdes. Politikere burde derfor nevnes spesielt som en viktig gruppe å nå.</p> <p>D: De siste årene har man fått mer fokus på restaurering av natur. Det er positivt, men man må ikke se det som en avlat når man ødelegger natur. Om man velger feil område eller ikke vedlikeholder den restaurerte naturen på riktig måte blir det ikke like bra som det ødelagte. Det kan også ta lang tid for arter å etablere seg.</p> <p>E: Det er viktig at man ikke bare ser naturområdene som areal der man bevarer biologisk mangfold. Skogen nært boligområder er viktige nærturområder. En myr er ikke bare viktig for artene som lever der, om den ødelegges slippes det ut store mengder karbon fra torven og områdene nedstrøms får større problemer med flom.</p>	<p>A: LK er kjent med problemstillinga og er enig i dette. Det er difor at planen gir føringar for kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>B: Planen har fokus på område med press som er dei områda som er mest utsett for arealendringar.</p> <p>C: Det er politikarane som skal vedta planen og det vert lagt inn eit eige punkt i handlingsplanen som går på opplæring av kommunen sine politikarar og sakshandsamarar.</p> <p>D: Vert teke til etterretning.</p> <p>E: Dette er teke til etterretning og er forsøkt lagt inn som ein del av planen.</p>
<p><b><u>Sognefjorden Vel 31.05.2021</u></b>  Sognefjorden Vel er en uavhengig interesseorganisasjon som arbeider for å bedre forvaltningen av Sognefjorden. Kommunene har et viktig ansvar for forvaltningen av det biologiske mangfoldet i sine områder, et ansvar som ikke bare omfatter land, men også fjord- og sjøområder fra strandsonen og ut til en nautisk mil fra land.</p> <p>A: Kunnskap om biologisk mangfold gir bedre mulighet til å redusere konflikter mellom bruk og vern av arealer, og styre utviklingen på en mest mulig bærekraftig måte. I forbindelse med ulike naturinngrep vil manglende kunnskap ikke bare</p>	<p>A: Kunnskap om kva me har i kommunen er ein sentral del av kommunedelplanen. Denne første planen vil garantert ha manglar, men er starten av eit viktig arbeid.</p>

<p>kunne være skadelig for det biologiske mangfoldet, men det vil også kunne fordyre tiltak som følge av endringer i planer som tvinges fram som resultat.</p> <p>B: Sognefjorden Vel oppfordrer til å inkludere mer av Lustrafjordens marine naturverdier og ressurser inn i arealplanen. Vi bruker fjorden mye, men vet lite om den. Lustrafjorden er mottaker av både kommunal og privat kloakk og annet avløpsvann, i tillegg til utslipp fra industri. Strandsonen, spesielt leirflater, bygges ned og det blir dumpet sprengstein i tilknytning til sprenging av tunneler for veier eller vannkraft. Lustrafjorden er også kraftig påvirket av vannkraftutbygginger og produksjon, og etter vårt kjennskap er det ingen undersøkelser av det biologiske mangfoldet i tilknytning til disse inngrepene.</p> <p>C: Det er generelt liten kunnskap om det marinbiologiske mangfoldet i Luster kommune, men vi vil trekke fram noen poeng som kommunen bør vurdere nærmere i forbindelse med sitt planprogram.</p> <p>1. Lustrafjordsilden og annen fisk Den er kjent som Lustrafjordsild eller Ottumsild, og gyter om våren på ca. 5-15 m dyp ved Ottum.</p> <p>Elvedelta er en sårbar naturtype med lite areal og er mange steder i Sognefjorden og Lustrafjorden ødelagt ved utfylling. Luster kommune har to store delta i Lustrafjorden; ett i Gaupne og ett i Skjolden. Grunne <i>leirflater</i> er ofte viktige økosystem siden de kan være viktige som oppvekstområder for marin fisk eller som næringsområder for sjøfugl. I slike områder vil en også kunne finne <i>sjøgressenger</i>, som bl.a. har vist seg å være viktige områder for fiskeyngel, og i tillegg har stor betydning som erosjonshemmer og for karbonlagring. Luster kommune oppfordres derfor til å registrere sine gyte- og oppvekstområder for marin fisk, samt viktige leveområder som leirflater og sjøgressenger. Ved framtidige større inngrep i fjorden som f.eks. utfyllinger av grunntvannsområder, dumping av sprengstein eller sprenging av grunner, må kommunen kreve at det blir gjennomført en skikkelig marinbiologisk konsekvensanalyse for å kunne sikre at det biologiske mangfoldet ikke tar skade av de planlagte tiltakene.</p> <p>D: 2. Sjøpattedyr Indre Sogn har en koloni av steinkobbe som bl.a. oppholder seg ved Ombandsnes (Sørland og Dale 2002). Disse selene føder (kaster) unger om sommeren, og kasteområdene bør markeres i arealplanene. Kanskje bør kommunen innføre ferdselsforbud i kasteområdene i kasteperioden, på samme måte som det er ferdselsforbud i områder med hekkende sjøfugl.</p> <p>E: 3. Annet marinbiologisk mangfold i fjorden Etter det vi vet er det ikke foretatt noen større marinbiologiske undersøkelser i Luster kommune, men det er en registrering av kyst- havstrand i Gaupne i Miljødirektoratets Naturbasekart. Dette betyr at en kjenner lite til om det finnes rødlistete arter eller sårbare naturtyper i fjorden.</p> <p>F: I 2018 ble det innført vernesoner for hummer i Luster kommune. Vi antar at disse blir registrert i kommunens plankart.</p>	<p>B: Lustrafjorden og marine naturverdier er forsøkt innarbeida i planen. Ei vidare oppfølging er å få betre kunnskap om naturmangfaldet i fjorden.</p> <p>C: Å innhenta meir kunnskap om lokal sildestamme og naturmangfaldet i fjorden generelt er innarbeida i plan og handlingsplan.</p> <p>D: Kastingsområde for steinkobbe må registrerast og komme inn som omsynssone H560 med føresegner i kommuneplanen.</p> <p>E: Behovet for meir kunnskap/undersøkingar er lagt inn i handlingsdelen.</p> <p>F: Vernesona for hummer vert ikkje registrert i plankartet då det gjeld 50 m langs heile Lustrafjorden og fort vil gjera kartet uleseleg. I staden er det lagt inn informasjon om vernesona i planen.</p>
<p><b><u>Inger Johanne Yttri</u></b> <b><u>- Driftsavdelinga i Luster kommune - 26. mai 2021 og 23 mars 2022</u></b></p> <p>A: Håndtering / spreiding av framande artar / svartelista og ulovlege artar bør inngå. Dette utgjer ein trussel for biologisk mangfald og kan bli er svært arbeidskrevjande å ha kontroll over. I dag vert hageavfall ofte dumpa på det som folk oppfattar som mindre attraktive areal, som grøfter og skråningar, dette til tross for at det skal levarast på Simas. Det kjem stadig nye artar inn på svartelista, og mange artar som er brukt fordi dei er hardføre, både i offentlege og</p>	<p>A: Dette er eit svært aktuelt innspel som er innarbeida i planen og handlingsplanen.</p>

<p>private grøntanlegg, viser seg etter kvart å utgjera ein trugsel for naturmangfaldet. Kva kan gjerast for at innbyggjarane og kommunen får betre kontroll over problemet, kan kanskje drøftast.</p> <p>B: I samband med samfunnsdelen kom det også mange innspel frå befolkninga som kunne lagt opp til konkrete endringar og forbetringar. Eit eksempel er mangelen på søppelhandtering for areal som regulerte friområde, stoppeplassar og strandsone. Slik det er no, er det mykje som kjem på avveggar.</p> <p>C: Det er stor interesse for nærfriområda og dette med parsellhagar, dyrking og komposthandtering (avfall som ressurs) er ein trend i tida. Det er viktig å «løfte i lag» og kommunisere. Difor kjem eg med innspel om at dei store grønne friområda på Bruflat kan vurderast til slik bruk. Vidare er det eit større friområde på Sandvik som også kan egne seg. Alle desse viser vegetasjon som indikerar gammal beitemark/ jordbruksjord og god jord, og vil med god opparbeiding vere lett å dyrke på.</p> <p>D: Gjeld kompostering. Det er fleire måtar å gjere dette på. Komposten til Simas er «daud», medan Aurland jord- og hagebruksskole har ei tilnærming til dette som er i ein heilt anna divisjon. Eg vil oppmode plangruppa til å kontakte denne ekspertisen, som har kunnskap og fleire løysingar som ikkje er arealkrevjande, og som er naturvennlige.</p> <p>E: Eg oppmoder kommunen om å ta opp til vurdering handtering av klare brot på plan- og bygningslova når det gjeld bruk av grøntområder. Eit eksempel er lagring av bygningsmateriell i friområdet i Røslébyggane. Det bør vera betre rutinar for å seg av dette. Me er mykje ute i felten og synes dette er eit stort problem. Rot avlar rot...</p> <p>F: Skjøtsel av regulerte friområde. I gjeldande reguleringsplan for Høyheimsvik er det lagt inn sti frå campinga. Til tross for at det også er utarbeida skjøtelsesplan, er arealet i privat eige enno og dette er oppgitt som grunn til at vi ikkje kan utføre skjøtsel. Kanskje må slike tilretteleggningstiltak i større grad løftast til politisk nivå for å få endringar i nærmiljøet? Dei får nesten dagleg henvendingar om slike tema i arbeidet men dei kan ikkje gjere noko med planlegginga og at arealbruken er som den er.</p>	<p>B: Innspelet er innarbeida i handlingsplanen.</p> <p>C: Innspelet er innarbeida som eit generelt innspel i handlingsplanen. Når ein dyrkar sjølv får ein betre forståing og interesse for naturmangfaldet. Konkrete forslag til plassering av parsellhagar vil vera ein del av oppfølginga av planen.</p> <p>D: Dette er eit aktuelt tiltak som gjeld oppfølging av planen. Vert ikkje innarbeida som eit konkret tiltak i plan eller handlingsplan, men som eit generelt tiltak som går på mottak av hageavfall/kompostering.</p> <p>E: Innspelet vert innarbeida i handlingsplanen.</p> <p>F: Innspelet vert innarbeida i handlingsplanen.</p>
<p><b><u>Eva og Keiron Gray - 25. mai 2021</u></b></p> <p>Det biologiske mangfold har en egenverdi som det er absolutt viktig å beskytte og ivareta, slik at folk kan leve parallelt med mangfoldet.</p> <p>A: Planen vil kreve en kontinuerlig og bevisst implementering for bærekraftig kunnskap og balanse. Lokalbefolkningen og tilreisende må skolerer i hvorfor og hvordan. Folk tolker situasjoner veldig forskjellig så det må være presise tiltak som legges fram. Infrastrukturen for å bevare naturmangfoldet i Luster kommune må styrkes for alle arter. For Luster, som en av få kommuner med tilbud fra Staten, følger et stort ansvar for oppfølging i uoverskuelig framtid, ikke bare til 2030. Historien har vist at forskjellige politiske verdier kan være en årsak til å forsinke prosessen for å ivareta naturmangfoldet. Derfor er det viktig at politikere, med alle sine forskjellige bakgrunner, skolerer i betydningen av å ivareta naturmangfoldet og hvordan det kan gjøres i forhold til utviklingen i kommunen.</p> <p>B: Det er viktig at Luster kommune oppdaterer sin hjemmeside fortløpende om naturmangfoldet i kommunen og at det er enkelt for folk å logge inn og notere observasjoner av flora og fauna i Luster. Dette kan være et godt verktøy for skoler og andre interesserte.</p> <p>C: Skjæret i Lustrafjorden er et godt eksempel for viktigheten av å ivareta habitatet for sjøfugl i Luster. Her hekker</p>	<p>A: Det vert lagt opp til regelmessig oppdatering av planen og handlingsdelen har informasjon og handlingsdannande tiltak som viktige tiltak. Politkaroppføring er også eit viktig punkt.</p> <p>B: Handlingsdelen legg opp til regelmessig informasjon om naturmangfald på kommunen si heimeside og facebookside. Når planen er vedteken og publisert i framsikt er det lettare å informere og i tillegg vise til alle lenkjene i planen. Å få innbyggjarane til å registrere flora og fauna er viktig. Dette meiner me bør gjerast gjennom eksisterande system i Artsobservasjoner.</p>

<p>rødlistede arter av sjøfugl. De har gjennom mange år hatt store vansker med å eksistere pga. menneskelige aktiviteter som ødelegger for dem! Det mangler en plan for å verne om fuglene på Skjæret vis-a-vi Myrane raste-/badeplass og sjøområdet rundt Skjæret som er matfatet til fuglene. Strandlinja langs fjorden og sjøen mellom den og Skjæret inngår også i habitatet deres. For at fuglene og menneskene skal kunne co-eksistere i dette området, så må den motoriserte ferdselen i området reguleres.</p> <p>D: Regler for utvikling av motoriserte aktiviteter som f.eks. vannscootere må få klare bruksregler i forhold til å ivareta naturmangfoldet. Det må settes fartsgrense i enkelte områder. 15. mai 2021 tro en ny forskrift om fartsgrenser på sjøen i kraft. Det er kommunene som fastsetter fartsgrenser for fritidsfartøy i eget sjøområde. Fugleskjæret i Lustrafjorden er en resurs for Luster kommune som ikke har nådd sitt potensielle interesseområde for både skolebarn, lokalbefolkning og turister.</p>	<p>C: Skjæret vert sett på som svært viktig i planen og oppstart av regulering av området er planlagt oppstarta hausten 2022.</p> <p>D: Regplan Skjæret vil etter planen få klare reglar for motorisert ferdsel for fjorden som planen omfattar. Det er ikkje vurdert fartsgrenser for motorisert ferdsel for andre delar av fjorden, men dette bør vurderast i arealdelen av kommuneplanen.</p>
<p><b><u>Kirsten Aanes - 19. april 2021</u></b> På Sterri har me fått ein plante som har spreia seg veldig. Det er rødhyll og den er visstnok ikkje så populær etter det eg har forstått. Ville berre seia frå dersom Luster Kommune har vurdert å bekjempe dette treet.</p>	<p>Raudhyll er ein framandart som no vekst i store deler av kommunen. Å bekjempe/fjerne arten vert sett på som for seint. Men det er viktig å spreie informasjon om denne og andre framande arter slik at me unngår vidare spreiring av desse artane. Dette vert teke med i handlingsplanen.</p>
<p><b><u>NIBIO v/ Hans H. Blom 10.05.2021</u></b> Vedlagt ligger resultat fra en liten ekskursjon for noen år siden. Helt klart er kalkområdene under Jargolane i Engjadalen et særs viktig område både for mose- og lavfloraen i Norge, hvor gjengroing i tilfelle opphør av beite kan være den potensielt viktigste trusselfaktoren.</p>	<p>Rapporten er lagt ut på kommunen si heimeside med lenkje frå planen og området er innarbeida som viktig naturområde i planen.</p>
<p><b><u>Skognæringsforum Vestland v/ Ruben Bøtun 08.06.2022</u></b> For dei kommunane som ikkje har komme i gang med kommunedelplanen, så oppfordrar me kommunane til å inkludere skognæringa i denne planprosessen.</p>	<p>Skogselskapet vert sett opp som høyringspart til planen.</p>
<p><b><u>Svar på spørjeundersøking om tilgang til naturområde sendt til skular og baehagar hausten 2022</u></b></p> <p><b>A: Gaupne skule</b> Me samarbeider med Gaupne barnehage om bruk av Pulverskogen som er området mellom den nye vaskehallen og elva på Gaupnegrandane. Det brukar me mykje, så det er svært viktig for oss! Me er også ein del i Parken. Vår og haust brukar me turstiane rundt bygda mykje. Me går i Gåpnaberget, Sandvikberget, opp til Gjellene og opp Fossane på Røneid. Dei to fyrste ligg nærast, så dei vert hyppigast brukt. Det hender også at me er på Hagasanden, både med elevar i småskulen og med SFO barn i feriane. Me har kort tilgang til alle desse områda, og atkomsten er trygg.</p> <p><b>B: Gaupne barnehage</b> Har tilgang til naturområde i Grindane, i skogsområdet Hanaskjeren, uteplass ved Engjadalselva, "Pulverskogen" på Gaupnegrandane. Som barnehage ynskjer me tilgang til fjorden. I Gaupne er det dessverre ikkje så greitt å koma seg ned til fjorden og bruka det fine området. Så me ynskjer ei opprustning og betre tilrettelegging ved fjorden og standområdet.</p> <p><b>C: Gamlestova barnehage, Hafslo.</b> Har tilgang til naturområde øvst i Solbakka byggefelt på Hafslo. Det er ikkje noko som treng som treng gjerast for å betre kvaliteten eller tilgangen til desse områda. Men me har behov for eit naturområde når me flytter til sentrum av Hafslo.</p> <p><b>D: Hafslo barnehage</b> Me har naturområde rett nedanfor parkeringa vår. Der er det vatn, strand, både med gras og stein og brygger. Området har nyleg blitt ordna med både strand, brygge og grillhytte. Fantastisk område for oss som kan nyttast av dei aller</p>	<p>Alle områda er forsøkt innarbeida i planen og vert vidareført som H560 i kommuneplanen.</p> <p>A og B: Innspela som gjeld Gaupnegrandane og fjorden vert også innspel til reguleringsplanarbeidet for revidert plan for Gaupnegrandane som er under arbeid.</p> <p>C og D: Områda og ynskje om nytt område er i området til områdeplan for Hafslo som er under arbeid.</p>

minste og. Me kan og gå vegen utover til kyrkja på Hafslo. Då føl me vatnet, og der er det fleire fine plassar å stoppe. Både båthavna og nedanfor kyrkja er det fine plassar å leike.

Me har to skogsområde i nærleiken. Det eine, Kråkeskogen i Tang, har bratt terreng med mykje granskog. Der har me moglegheit for klatring. Der er det og tilgang til vatnet og strandlinje. Det andre skogområdet er gran/bjørkeskog. Litt flatare og enklare å bevege seg rundt der. Oppe forbi Musehaugen. Vil me gå ein lengre tur, kjem me til Sandgota. Det er ein sti gjennom skogen som har mykje spennande å by på. Super runde for dei eldste i barnehagen, og den einaste skogssti me har i nærleiken. Alt i alt mange kjekke områder i nærheiten. Områder som byr på utfordring for både dei minste og dei eldste. Det er viktig å bevare dei områda me har best mogeleg. Til dømes Sandgota, me har eit sterkt ynskje om det området får vere skogssti.

#### **F: Luster oppvekstsenter**

Me har ikkje lett tilgang til noko naturområde nær oppvekstsenteret. Me hadde eit område, "Huttiheiti", over omsorgssenteret, der me hadde fått opp ein gapahuk og eldstad på dugnad, men denne vart stengt grunna fare for ras for ca. 5 år sidan. Me ville gjerne hatt eit område rett bak oppvekstsenteret der me ikkje treng å gå langs den særskilte trafikkerte FV 55 for å kome til. I dag er ikkje grunneigar villig til dette. Me skulle gjerne brukt naturen meir i samband med aktivitetar og undervisning.

#### **G: Indre Hafslo oppvekstsenter**

Me har tilgang til eit skogsområde like ved (50-100 meter) oppvekstsenteret, som både skulen og barnehagen brukar regelmessig. Til dømes har skulen fast uteskule der kvar fredag. Området er i privat eige, men er disponibelt for oss etter ein avtale gjort for mange år sidan. På området har me sett opp lavvo, bord og benkar, klatretau i nokre av trea, eit skur til verkty o.l. samt ein bålplate. Området me nyttar er naturleg avgrensa av gjerdet mot oppvekstsenteret, og ein skogsveg på nedsida. Til tider er området også beiteområde for små- og eventuelt storfe. I tillegg kan me nytte eit større område som ligg i tilknytning til skogen, til dømes på bær der me går på ski eller akar om vintrane. Sommarstid pleier me ikkje å nytte bøane. Me er i hovudsak godt nøgde med området.

#### **H: Solvorn oppvekstsenter**

Me har ein uteplass, Berget, 5 min å gå og som me får bruka av grunneigar. Der har me sett opp gapahuk. Elles bruker me å gå i stranda, i Neset, Måsaviki, opp i Øvrabø, Kuberget, også til Setålen og opp Gamlevegen til Huarplassen. Me har gode moglegheit rundt oss til å bruka strand, skog og fjell. Dei lengre turane, Setålen og Huarplassen, vekslar me på som fellestur ved skulestart. Dei nærmaste stadane vert oftast brukt både av barnehage, skule og SFO. Det er lite trafikk store deler av året i bygda, men når me går bilvegen bort ved kyrkja, er det ikkje tilrettelagt for å kryssa vegen (T-kryss og parkering), men her vert det vel endring når arbeidet med parkering på oppsida startar. Flott at dette er fokus på frå fleire hald, som ein viktig læringsarena for ungane, og i tillegg både fysisk og psykisk helsefremjande.

#### **I: Skjolden oppvekstsenter**

Vi har skog og sjø i nærleiken til oppvekstsenteret. Alt i gangavstand.

F: Området bak skulen er regulert LNF-område. Området må omregulerast dersom grunneigar ikkje vil inngå frivillig avtale. Eit anna aktuelt område er Stuppelshagen som er regulert som Anna spesialområde i gjeldande reguleringsplan for Dale. I førsegnene for dette området står det: Skogområdet over kyrkja, Stuppelshagen, bør få eigen skjøtselplan slik at dei gamle og særreigne trea og miljøet her kan bevarast.

G: Området ligg som friområde i gjeldande kommuneplan.

H: Områda vert lagt inn som H560.

I: Kva skog skulen brukar er ikkje konkretisert i innspelet, men vert lagt inn som H560.